



Erling og Johanna Maria Rosnes
Lurevegen 576
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3142 - 17/31438

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

02.11.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Tiltak: oppretting av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 155/10 Lurevegen 576
Tiltakshavar: Erling Rosnes
Ansvarleg søkjar: Erling og Johanna Maria Rosnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.10.2017.

Saka gjeld søknad om frådelling av eit areal oppgjeve til om lag 2150 m², bruk av arealet er opplyst å vere tilleggareal til eigedom gbnr. 155/51. Det er vidare opplyst at det skal først opp garasje på eigedomen med bygd areal (BYA) på om lag 100 m² med innreiia loft.

Planstatus

Eigedomen er uregulert, og ligg i det som i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) er definert som LNF-føremål.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av parsellen og bygging av garasje.

Før kommunen kan ta stilling til søknad om dispensasjon for bygging av garasje på eigedomen må vi ha inn teikningar av garasjen, plan-, snitt- og fasadeteikningar

Vi ber om at de melder attende om vi skal handsame søknaden utan å ta stilling til søknad om dispensasjon for bygging av garasje.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på at Lindås kommune ved Eigedomsavdelinga er nabovarsla om tiltaket, motteken kvitteringsliste er ikkje signert av Lindås kommune og det er heller ikkje påført kvittering frå posten i høve rekomandert sending.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



2. Plan-, snitt- og fasadeteikningar av garasjen.
3. Skriftleg attendemelding dersom de ikkje ønsker at søknad om dispensasjon for bygging av garasje skal handsamast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.12.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7 , jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erling Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM
Johanna Maria Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM

Mottakarar:

Erling og Johanna Maria Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM
--------------------------------	---------------	------	------